

Vedrørende søknad om dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona

Viser til dykkar brev av 09.10.19, dykkar referanse: 19/1948 – 19/29948. I dykkar brev vert det bedt om at søknaden vert supplert med søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8.

Etter § 1-8, 4. ledd går det fram følgjande: «*Forbudet etter andre ledd gjelder ikke der kommunen i kommuneplanens arealdel har tillatt oppføring av nødvendige bygninger, mindre anlegg og opplag som skal tjene til landbruk, reindrift, fiske, akvakultur eller ferdsel til sjøs, jf. § 11-11 nr. 4.*»

Vidare går det fram av føresegnene til kommuneplanen pkt. 5.4 følgjande: «*Naudsynte tiltak for landbruk, fiske og farleier til sjøs er tillate i strandsona langs sjø og vassdrag, unnateke etablering av samdriftsfjøs/fellesfjøs. Nye våningshus kan ikkje byggjast nærare enn 50 m frå sjø og vatn, unnateke der kartlagt funksjonell strandsona er smalare. Med vatn meinast her vassamlingar større enn 10 dekar. Heimel: Pbl § 11-11 nr. 4.*» (mi utheving).

Med bakgrunn i dette har eg ved innsending av søknad om dispensasjon ikkje søkt om dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona, då eg forstod det slik at byggjegrensa for våningshus er sett til 50 meter frå sjø.

Fint om eg får ei avklaring rundt dette og om det likevel er naudsynt med dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona før eg eventuelt supplerer søknaden.

Med helsing



Arve Fyllingsnes